



Styremøte torsdag 5.04.18 kl. 17.00

Frammøte: Leiar Eva Hjelen, Eli Solevåg, Aagot Alnes Orvik, Annlaug Lianes.
Kenneth Staurset Fåne hadde meldt forfall.

Saker:

1. Program 2018:

Denne torsdagen: Vi repeterer Digitalarkivet og heimesida til Slekt og Data.

Utklippetsverktøy.

I mai : Sæther frå Øksendal held foredrag om namnetradisjonar og oppattkalling.

I juni: Sommarturen.

Til hausten: Kanskje tur til IkA – interkommunalt arkiv – i Ålesund. Gunnar Morsund. Tidspunkt: Første laurdagen i september.

Dessutan: Kanskje nytt begynnarkurs i slektsforskning – over ei helg. Tre år sidan sist.

Og: Det er ikkje planar om å arrangere slektsforskardagen i Molde i 2018.

2. **Sommarturen** er i boks. Det blir til Kviltorp Camping som planlagt første torsdagen i juni. Eli Solevåg lagar invitasjon.

3. **Tillitsvaldskurs** på Vestnes laurdag 7.april. Leiar Eva og Kenneth frå styret deltek.

4. **Eventuelt:** Aagot kom med spørsmål om det kunne la seg gjere å få tilgang til digitaliserte årgangar av avisene i fylket. Kunne Slekt og Data Møre og Romsdal øve påtrykk for å få det til ?

Aagot vart bedd om å formulere eit skriv til Slekt og Data Molde slik at vi kan gå vidare med saka.

Ref. Annlaug Lianes.